

# Nabovarsel

sendes til berørte naboer og gjenboere

Ved riving skal kreditorer med pengeheftelser i eiendommen varsles, pbl § 21-3



30-November-2017



Til (nabo/gjenboer)
Lindås kommune Kvernhusmyrane 41 5914 ISDALSTØ

<b>Som eier/fester av:</b>			
Gnr. 115	Bnr. 2	Festenr.	Seksjonsnr.
Eiendommens adresse Risassjøvegen			

<b>Tiltak på eiendommen:</b>			
Gnr. 113	Bnr. 7, 24 m.fl.	Festenr.	Seksjonsnr.
Eiendommens adresse Overføringsledning Sjursetvatn og Littås			
Postnr. 5955	Poststed LINDÅS		
Kommune Lindås kommune			
Eier/fester Statoil			

<b>Det varsles herved om</b>			
<input checked="" type="checkbox"/> Nybygg	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Endring av fasade	<input type="checkbox"/> Riving
<input type="checkbox"/> Påbygg/tilbygg	<input type="checkbox"/> Skilt/reklame	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Bruksendring
<input type="checkbox"/> Midlertidig bygning, konstruksjon eller anlegg	<input type="checkbox"/> Antennesystem	<input type="checkbox"/> Oppretting/ending av matrikkelenhet (eiendomsdeling) eller bortfeste	<input type="checkbox"/> Annet
<b>Dispensasjon etter plan- og bygningsloven kapittel 19</b>			
<input type="checkbox"/> Plan- og bygningsloven med forskrifter	<input type="checkbox"/> Kommunale vedtekter	<input checked="" type="checkbox"/> Arealplaner	<input type="checkbox"/> Vegloven
			Vedlegg nr. B - 1

<b>Arealdisponering</b>			
Sett kryss for gjeldende plan			
<input checked="" type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan	<input type="checkbox"/> Reguleringsplan	<input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan	
Navn på plan Kommuneplanens arealdel			

<b>Beskriv nærmere hva nabovarslet gjelder</b>	
Dette varselet omhandler søknad om et bygg for pumpestasjon for vann, L = 1,5 m B = 13,8 m H = 5,5 m.	
Nærmere informasjon fås ved henvendelse til ansvarlig søker, Norconsult.	
Vedlegg nr. Q -	

<b>Spørsmål vedrørende nabovarsel rettes til</b>			
Foretak/tiltakshaver			
Kontaktperson, navn	E-post	Telefon	Mobil
Søknaden kan ses på hjemmeside: (ikke obligatorisk):			

<b>Merknader sendes til</b>	
Eventuelle merknader skal være mottatt innen 2 uker etter at dette varsel er sendt. Ansvarlig søker/tiltakshaver skal sammen med søknad sende innkomne merknader og redegjøre for ev. endringer.	
Navn	Postadresse
Postnr.   Poststed	E-post

Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant
Dispensasjonssøknad/vedtak	B	1 - 1	<input type="checkbox"/>
Situasjonsplan	D	1 - 1	<input type="checkbox"/>
Tegninger snitt, fasade	E	1 - 1	<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input checked="" type="checkbox"/>

<b>Underskrift</b>		
Sled Bergen	Dato 27.11.2017	Underskrift ansvarlig søker eller tiltakshaver 
		Gjentas med blokkbokstaver JOHN INGVALD ØKLAND



# LINDÅS KOMMUNE

Byggesaksavdelinga

VEDLEGG B 1

Norconsult AS  
Pb. 1199  
5811 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2563 - 16/30389

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
25.11.2016

## Dispensasjon for overføringsledning - gbnr 113/7 Sjurset - 127/123 Mongstad m fl

**Administrativt vedtak. Saknr: 529/16**

**Tiltakshavar: Lindås kommune**

**Ansvarleg søkar NORCONSULT**

**Søknadstype: Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2**

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Byggesaksavdelinga har motteke søknad om dispensasjon for etablering av ny pumpestasjon ved Sjursetvatnet og overføringsledning for vatn mellom Sjursetvatnet og det nye vassbehandlingsanlegget ved høgdebassenga på Litlås/Mongstad. Den omsøkte traséen kjem i sjø og i vassdrag og i grøft på land. Ledningen skal kryssa fylkesveg 57 på Hope. I Risøysundet og Mjåsundet må ledningen sprengast eller spylast ned i sjøbotnen.

#### Planstatus

Frå startpunktet ved Sjursetvatnet til litt nordafor Rissundet bustadfelt, er det KOMMUNEDELPLAN FOR LINDÅSOSANE, LYGRA OG LUREFJORDEN som gjeld. Den første delen av tiltaket, på land ligg i LNF og treng dispensasjon for arealføremålet. Planen opnar for legging av ledningar i sjø i føresegnene pkt 5.2. Dette gjeld strekningen frå Austresundet og forbi Rissundet. Sprenging i sjø må ha løyve frå fylkesmannen. Vidare nordover frå Risa til Hope og Mongstad er gjeldande plan KOMMUNEDELPLAN FOR LINDÅSNESET MED MONGSTAD. Denne planen har ingen punkt i planføresegnene som tillet plassering av infrastruktur i sjø og vassdrag. På denne strekninga må det søkast om dispensasjon frå arealbruken i sjø og vassdrag. Siste strekninga på land ligg leidngstraséen i LNF, og dei aller siste metrane kjem tiltaket inn i REGULERINGSPLAN STATOIL INDUSTRIOMRÅDE MONGSTAD med føremål grøntareal. Tiltaket må altså ha dispensasjon for pumpestasjonen og heile traséen, utanom første del av sjøleidningen. Delar av ledningen må også ha dispensasjon frå pbl § 1-8 (byggeforbodet i strandsona)

**Post**  
postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**  
www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

### Planarkiv

Regplan Statoil føresegner: <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1421163328939.pdf>

- plankart: <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1459429509393.pdf>

Lindåsneset føresegner: <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1285071096186.pdf>

- Plankart: <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1285142493544.pdf>

Lindåsosane føresegner: <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1448627528914.pdf>

- Plankart: <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1448627660258.pdf>

### Dispensasjon

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen


Det vert elles vist til søknad motteken 12.08.2016 og supplert 07.10.2016.

### Dispensasjonssøknaden

er vedlagt og skildrar anlegget og grunnlegg behovet for anlegget og val av trasé.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden vart motteken 12.08.2016 og vart sendt på høyring 25.08.2016 ( med litt mangelfullt kartmaterieil). Etter at fylkesmannen etterlyste ein del opplysningar, vart trong for tilleggsdokumentasjon meldt til ansvarleg søkar ved brev 09.09.2016. Dokumentasjon vart motteken frå ansvarleg søkjar 07.10.2016. Sakshandsamingsfristen (som i utgangspunktet er 12 veker) er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden og henta inn uttale frå andre styresmakter.



### Forhold til naboar og grunneigarar i traséen

Søkar opplyser:

Samtlige grunneiere er varslet i brev om de planlagte tiltak og det har etter dette vært kontakt med de fleste av dem pr. telefon/epost og noen også med befaring. Det er så langt ikke kommet merknader til planene.

#### **Uttale frå andre styresmakter**

Søknaden har vore sendt på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune, statens vegvesen, Bergen og omland havnevesen og internt i kommunen.

#### **Fylkesmannen i Hordaland**

Har gjeve uttale i brev datert 08.09.2016. Utdrag av dokumentet:

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til sjølve tiltaket, men meiner at saka er dårleg opplyst, spesielt med tanke på naturmangfald. Det er også problematisk at traséen syntes å ikkje vere endeleg avklart. Vi har fått tilsendt to kart som til dels ikkje samsvarar med kvarandre. Dette gjer det vanskeleg å vurdere dispensasjonen. Vi meiner at trasévalet må klargjerast betre.

##### Naturmangfald

Fylkesmannen meiner søknaden ikkje opplyser saka godt nok. Det er slik vi ser det ikkje gjort tilfredstillande vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8 til 12. Det er til dømes registrert fleire raudlisteartar i eller nær traséen. Leidninga skal også krysse Kvernhuselva ved Hopevatnet som er anadromt. Det må gjerast ei grundig vurdering av verknaden tiltaket har på naturmangfaldet.

Fylkesmannen meiner at kommunen må vurdere om tiltaket er reguleringspliktig jf. pbl. § 12-1.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til ny pumpestasjon og overføringsleidning. Om kommunen likevel vel å gje dispensasjon må saka opplyst betre og det må setjast naudsynte vilkår til tiltaket.

Etter at fylkesmannen hadde komme med merknad, vart søkar beden om å komma med tilleggskommunikasjon til søknaden.

#### **Statens vegvesen**

kjem med uttale i brev datert 28.09.2016, der dei mellom anna skriv:

##### **Reguleringsarbeid for fv. 57**

Statens vegvesen arbeider for tida med reguleringsplan for fv. 57 Lindås – Mongstad, der føremålet er å regulere tilbud for gåande og syklende langs fv. 57, i tillegg til vegutbetring.

Vegvesenet ønskjer dialog med kommunen som tiltakshavar, for å avklara arbeid med kryssing av fylkesvegen, arbeid nær veggen og arbeidsvarsling.

Utover ovannemnte har Statens vegvesen ingen merknadar til dispensasjonssøknaden.

#### **Planavdelinga i kommunen**

har ingen merknader til søknaden.

#### **Hordaland fylkeskommune**

Kjem med kulturminnefagleg fråsegn i brev datert 22.09.2016

Vi har per i dag ikkje opplysningar i våre arkiv om automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i det aktuelle arealet. Ut frå potensiale for nye funn frå steinalder i delar av området, gjennomførte Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren 22.09.2016 ei kulturhistorisk synfaring på staden. Det vart ikkje påvist funn av automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi, og det er difor ikkje trong for å gjere ytterlegare registreringar i området. Hordaland fylkeskommune har ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Det same gjeld ved funn av kulturminne under arbeid i sjø: Arbeidet må stoppast og sjøfartsmuseet varslast.

#### **Bergen og omland havnevesen**

kjem med uttale i brev datert 31.08.2016:

De interesser Bergen og Omland havnevesen er satt til å ivareta etter havne- og farvannsloven synes godt ivaretatt gjennom dispensasjon. Vi gjer oppmerksom på at Bergen og Omland havnevesen kun har myndighet til å behandle tiltak som berører sjøområde, jf. hfl. § 27, første ledd.

Vi minner også om at tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø samt andre tiltak som kan påvirke sikkerheten eller fremkommeligheten i sjøområdet krever tillatelse fra BOH, jf. hfl. § 27, første ledd. Vi ber om å få oversendt eventuelt dispensasjonsvedtak i saken når dette foreligger. Vi vil da ta saken opp til behandling.

#### **Tilleggsdokumentasjon**

Etter å ha motteke fylkesmannen sin negative uttale, følgde søkar opp med å senda inn tilleggsdokumentasjon:

- Nye oversiktskart med justert trasè datert 2016-09-20
- Vurdering av naturmangfold datert 2016-10-07, med framlegg til tiltak for å unngå/reduera skadeverknader

#### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist på 3 stk oversiktskart med revisjonsdato 2016-09-20.

#### **VURDERING:**

##### **Pbl § 12-1**

Pbl § 12-1, tredje ledd, første punktum lyder: *For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og smfunn, kreves det reguleringsplan.*

Tiltaket går over ein strekning på ca 6 km, men det vil ikkje få særlege verknader utanfor sjølve leidningstraséen, ved korrekt og omsynsfull utføring av arbeidet, slik det er tilrådd i notatet *vurdering av naturmangfold*. Tiltaket medfører etablering av grøft i naturverdiar som er ordinære for regionen. I den grad det vil vera mogeleg å reetablere tilsvarande vegetasjon etter utføring av tiltaket, vil konsekvensane for naturmangfoldet vera svært små.

Etter kommunen si vurdering er tiltaket no så godt opplyst at det kan godkjennast utan krav om reguleringsplan.

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempe, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggja innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføra, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

#### Moment som talar mot godkjenning:

- Tiltaket er i strid med LNF-føremålet i begge kommunedelplanane, arealføremålet i sjø i KOMMUNEDELPLAN FOR LINDÅSNESET MED MONGSTAD. og forbodet mot tiltak i strandsona langs sjø og vassdrag.
- Dispensasjonar kan i mange saker føra til uheldig presedens
- Fylkesmannen var i utgangspunktet negativ

#### Moment som talar for å godkjenna søknaden:

- Det har ikkje komme merknader frå naboar
- Dei innvendingane fylkesmannen hadde, er i stor grad imøtekomne gjennom motteken tilleggsdokumentasjon
- Tiltaket vil ikkje i vesentleg grad forstyrra landbruksdrifta, kulturlandskapet, naturmiljøet eller andre interesser som kommuneplanen er meint å ivareta.
- Tiltaket er viktig for sikring av vassforsyning til næringsareala i Mongstadorrådet og innbyggjarane i Austrheim kommune.

Tiltaket vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller omgjevnader. Tiltaket vil gje ei oppgradering og forbetring av eksisterande vassforsyning.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på samfunnsinteressene.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå arealbruken i reguleringsplanen.

### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### **Privatrettslege tilhøve**

Det må ligga føre grunnavtalar før før det vert søkt om løyve til gjennomføring av tiltaket.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Søkar har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova i notatet *Vurdering av naturmangfold* datert 2016-10-07. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen legg denne vurderinga til grunn og finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova dersom dei råda som er gjeve i rapporten frå Norconsult vert følgt.

#### **VEDTAK:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl §§ 11-6 (verknad av kommuneplanens arealdel), frå pbl § 12-4 (verknad av reguleringsplan) og frå pbl § 1-8 (byggeforbodet i stransdona) for etablering av pumpestasjon og vassleidning i samsvar med søknad og på følgjande vilkår:

1. Gjennomføringa av tiltaket skal planleggast og utførast på ein slik måte at det vert teke omsyn til fauna og flora langs trasèen.
2. Ein skal så langt råd er unngå inngrep i /skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m. m.
3. Det må sikrast at grøftinga ikkje medfører senking av vasstanden i Skipeidtjørna.
4. Inngrepa i Mjåsundet og Rissundet / Risøystraumen må ikkje føra til auka gjennomstrøyming, utan at dette på førehand er klarert med miljøstyresmaktene. Denne delen av arbeidet må klarerast med fylkesmannen.
5. Etablering av grøft under Kvernhuselva skal gjennomførast på eit tidspunkt som er gunstig i forhold til oppvandrande sjøaure og utvandrande smolt. Arbeidet må utførast slik at vasstanden i Hopevatnet ikkje vert endra.

Dispensasjonsvedtaket vert sendt til Fylkesmannen for klagevurdering.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reises spørsmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høre til å klage på vedtaket  
vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dispensasjonsløyvet er gjeve, eller vert innstilt i  
lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Tilleggsdokumentasjon dispensasjonssøknad Overføringsanlegg Sjursetvatn - Litlås

Notat\_Vurdering naturmangfold

5146578-500-D02 - oversiktskart ledning i grøft

5146578-501-D02 - oversiktskart leidning i grøft

5146578-600-D02 - oversiktskart - sjøledning

Vedk søknad om dispensasjon frå kommuneplan - gbnr. 113/7 Sjurset - gbnr. 127/123 Mongstad m.fl.

Kulturminnefagleg fråsegn - gbnr 113/7 Sjurset og gbnr 127/123 Mongstad m.fl. - dispensasjonssøknad

Uttale til dispensasjon - gbnr 113/7 - gbnr 127/123 m fl - Sjurset - Mongstad - Ny pumpestasjon med  
overføringsleidning

Innhenting av tilleggsdokumentasjon - gbnr 113-7 Sjurset 127-123 Mongstad m fl

brev\_Søknad om dispensasjon

#### **Kopi til:**


Bergen og omland havnevesen	Postboks 7310	5020	Bergen
Lindås kommune teknisk drift			
Statens vegvesen			
Lindås kommune teknisk drift			
Statens vegvesen			

#### **Mottakarar:**

Norconsult AS	Pb. 1199	5811	BERGEN
---------------	----------	------	--------



N:\5146578\DAK\Teknik\_infrastruktur\AK\5146578-500-501-502-503-504-505-506\_lamd-plan-profiler.dwg - EKD - Plottet: 2017-02-16, 12:24:56 - LAYOUT = 500-Overnakt-ser - XREF = sirssetvatnet\_1m-hoyekoter\_EU89\_UTM32N\_NN2000\_vo-plan\_Veg\_Kart\_Sjurssetvatn-Littas\_Hopsundet-Austresundet\_UTM32N\_1m\_Eksisterende\_VA\_Plasing\_VBA\_T\_GEOM\_5005911\_Shplass\_8872\_VA\_Veg\_vann\_bygg\_Austrheim\_HB\_Littas\_Eksist\_VA\_Austrheim



VEDLEGG 1

**TEGNFORKLARING:**


	PROSJEKERT	EKSISTERENDE	UTGÅR
Vann			
Spillvann pumpe			
Spillvann			
Eiendomsgrense			

F03	2017-02-16	Tilbudstegning	EKD	BIN	THH
D02	2016-09-20	For godkjenning hos oppdragsgiver	EKD	THH	JIN
D01	2016-08-11	Foreløpig, For godkjenning hos oppdragsgiver	EKD	THH	JIN
Revisjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent


Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsvåren beskriver, og må ikke kopieres eller gøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tillater.

**LINDÅS KOMMUNE**  
 1:2000  
 Oversiktskart ledning i grøft. Trasé sør  
 Pel 0 - 1350


Norconsult	Oppdragsnummer: 5146578	Tegningsnummer: 500	Revisjon: F03
------------	-------------------------	---------------------	---------------




FASADE MOT NORD




FASADE MOT SYD



FASADE MOT VEST



FASADE MOT ØST



PLAN

Revisjon	Dato	Beskrivelse	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent
<small>Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som fremgår nedenfor. Opphavsretten tilhører Norconsult AS. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsvilkårene beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.</small>					
<b>LINDÅS KOMMUNE</b>					Målestokk (gjelder for A1 format)
					1:100
Overføringsanlegg Sjursetvatn - Litlås					
Sjursetvatnet pumpestasjon					
Plan og fasader					
Byggemeldingstegninger					
Norconsult		Oppdragsnummer	Tegningsnummer	Revisjon	
		5146578	100		